



Klima - og Miljødepartementet
Postboks 8013, Dep
0030 OSLO

14.12.2017

Vår ref
SRØ 2017000696 - 5

Dykkar ref

Arkiv
FE - 020

Løpenummer
17/7064

Fråsegn frå Jølster kommune om endring i vassforskrifta og naturmangfaldlova

Kommunestyret - 099/17:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Jølster kommune sluttar seg til høyringssvara til Sunnfjord vassområdeutval og Nordfjord vassområdeutval:

1. Lokalt engasjement, lokalpolitisk forankring og samordning av mål, tiltak og prioriteringar vert best sikra ved å behalde ordninga med vassregionutval og med fylkeskommunen som vassregionstyresmakt.
2. Vassområdeutvalet ønskjer å halde på noverande organisering med vassområdeutval og vassregionutval. Vassområdeutvala vart etablert ved politiske vedtak i kommunane i 2011-12. Drifta av vassområdeutvala er i dag finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. I tida etter etablering er det opparbeidd ei felles forståing av omgrep og krav etter vassforskrifta. Det er starta opp faglege samarbeidsgrupper og samarbeid mellom kommunane om gjennomføring av miljøovervaking. Desse samarbeida bør få meir tid til å oppnå resultat som stettar krava i vassforskrifta, som å opparbeide eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, gjennomføre tiltak og føreslå nye tiltak til neste planfase. Framdrift i dette arbeidet vert best sikra ved å oppretthalde prosjektleiarstillingane (vassområdekoordinatorar) i vassområda.
3. Det er vesentleg at vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova for å sikre at alle har ansvar for å bidra inn i planarbeidet. Det er og viktig at det er samsvar mellom kommunen sine planar og gjennomføring av tiltak og dermed at tiltak blir gjennomført. Kommunen bør og verne om vassførekomstane i sine planar som er forankra i Plan- og bygningslova.
4. Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strir mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen.
5. Dei føreslåtte endringane med flytting av oppgåver frå regional til statleg nivå, bør vurderast opp mot konklusjonane frå ekspertutvalet, som regjeringa har sett ned til å vurdere fleire oppgåver til dei nye fylkeskommunane etter regionreforma, jamfør Prop 84 S (2016- 2017).
6. Ein viktig grunn til forslaga om endring av vassforskrifta er at ein ønskjer å forenkle



prosessen. Ein legg då til grunn at arbeidet framover vil omfatte «berre mindre justeringar» av forvaltningsplan og tiltaksprogram. Denne føresetnaden meiner vi er feil. I Nordfjord vassområde er kunnskapsinnhenting einaste tiltak for ein svært stor del av vassførekomstane i risiko. Det er eit omfattande arbeid som står att med å utgreie avbøtande tiltak for å nå miljømåla.

Med helsing

Svanhild Røkenes
Førstekonsulent
57726143

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2



Jølster kommune

Arkiv: FE - 020
JournalpostID: 17/696- 2
Sakshandsamar: Trå, Solfrid
Dato: 04.12.2017

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
100/17	Utval for Plan og Utvikling	11.12.2017
099/17	Kommunestyret	12.12.2017

Fråsegn frå Jølster kommune om endring i vassforskrifta og naturmangfaldlova

Vedlegg i saka:

- | | | |
|----|---|-------|
| 1. | Høring av forslag til endringer i vannforskriften og naturmangfoldloven | 89665 |
| 2. | Høringsnotat(1) | 89666 |
| 3. | Høyringsvar frå Nordfjord vassområdeutval til forslag om endring av vassforskrifta og naturmangfaldlova.pdf | 90349 |
| 4. | Referat Nordfjord vassområdeutval 16.11.2017.pdf | 90350 |
| 5. | 2-Høyringsvar til forslag om endring av vassforskrifta og naturmangfaldlova.pdf | 90353 |
| 6. | 3-Referat møte i Sunnfjord vassområdeutval 10.11.2017.pdf | 90354 |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune sluttar seg til høyringsvara til Sunnfjord vassområdeutval og Nordfjord vassområdeutval:

1. Lokalt engasjement, lokalpolitisk forankring og samordning av mål, tiltak og prioriteringar vert best sikra ved å behalde ordninga med vassregionutval og med fylkeskommunen som vassregionstyresmakt.
2. Vassområdeutvalet ønskjer å halde på noverande organisering med vassområdeutval og vassregionutval. Vassområdeutvala vart etablert ved politiske vedtak i kommunane i 2011-12. Drifta av vassområdeutvala er i dag finansierte gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. I tida etter etablering er det opparbeidd ei felles forståing av omgrep og krav etter vassforskrifta. Det er starta opp faglege samarbeidsgrupper og samarbeid mellom kommunane om gjennomføring av miljøovervaking. Desse samarbeida bør få meir tid til å oppnå resultat som stettar krava i

vassforskrifta, som å opparbeide eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, gjennomføre tiltak og føreslå nye tiltak til neste planfase. Framdrift i dette arbeidet vert best sikra ved å oppretthalde prosjektleiarstillingane (vassområdekoordinatorar) i vassområda.

3. Det er vesentleg at vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova for å sikre at alle har ansvar for å bidra inn i planarbeidet. Det er og viktig at det er samsvar mellom kommunen sine planar og gjennomføring av tiltak og dermed at tiltak blir gjennomført. Kommunen bør og verne om vassførekomstane i sine planar som er forankra i Plan- og bygningslova.
4. Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strir mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen.
5. Dei føreslåtte endringane med flytting av oppgåver frå regional til statleg nivå, bør vurderast opp mot konklusjonane frå ekspertutvalet, som regjeringa har sett ned til å vurdere fleire oppgåver til dei nye fylkeskommunane etter regionreforma, jamfør Prop 84 S (2016- 2017).
6. Ein viktig grunn til forslaga om endring av vassforskrifta er at ein ønskjer å forenkle prosessen. Ein legg då til grunn at arbeidet framover vil omfatte «berre mindre justeringar» av forvaltningsplan og tiltaksprogram. Denne føresetnaden meiner vi er feil. I Nordfjord vassområde er kunnskapsinnhenting einaste tiltak for ein svært stor del av vassførekomstane i risiko. Det er eit omfattande arbeid som står att med å utgreie avbøtande tiltak for å nå miljømåla.

11.12.2017 Utval for Plan og Utvikling

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

UPU-100/17 Vedtak:

Jølster kommune sluttar seg til høyringssvara til Sunnfjord vassområdeutval og Nordfjord vassområdeutval:

1. Lokalt engasjement, lokalpolitisk forankring og samordning av mål, tiltak og prioriteringar vert best sikra ved å behalde ordninga med vassregionutval og med fylkeskommunen som vassregionstyresmakt.
2. Vassområdeutvalet ønskjer å halde på noverande organisering med vassområdeutval og vassregionutval. Vassområdeutvala vart etablert ved politiske vedtak i kommunane i 2011-12. Drifta av vassområdeutvala er i dag finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. I tida etter etablering er det opparbeidd ei felles forståing av omgrep og krav etter vassforskrifta. Det er starta opp faglege

samarbeidsgrupper og samarbeid mellom kommunane om gjennomføring av miljøovervaking. Desse samarbeida bør få meir tid til å oppnå resultat som stettar krava i vassforskrifta, som å opparbeide eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, gjennomføre tiltak og føreslå nye tiltak til neste planfase. Framdrift i dette arbeidet vert best sikra ved å oppretthalde prosjektleiarstillingane (vassområdekoordinatorar) i vassområda.

3. Det er vesentleg at vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova for å sikre at alle har ansvar for å bidra inn i planarbeidet. Det er og viktig at det er samsvar mellom kommunen sine planar og gjennomføring av tiltak og dermed at tiltak blir gjennomført. Kommunen bør og verne om vassførekomstane i sine planar som er forankra i Plan- og bygningslova.
4. Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strir mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen.
5. Dei føreslåtte endringane med flytting av oppgåver frå regional til statleg nivå, bør vurderast opp mot konklusjonane frå ekspertutvalet, som regjeringa har sett ned til å vurdere fleire oppgåver til dei nye fylkeskommunane etter regionreforma, jamfør Prop 84 S (2016- 2017).
6. Ein viktig grunn til forslaga om endring av vassforskrifta er at ein ønskjer å forenkle prosessen. Ein legg då til grunn at arbeidet framover vil omfatte «berre mindre justeringar» av forvaltningsplan og tiltaksprogram. Denne føresetnaden meiner vi er feil. I Nordfjord vassområde er kunnskapsinnhenting einaste tiltak for ein svært stor del av vassførekomstane i risiko. Det er eit omfattande arbeid som står att med å utgreie avbøtande tiltak for å nå miljømåla.

12.12.2017 Kommunestyret

Handsaming:

Geir Støfring SP, leiar i UPU orienterte om vedtaket.

Kjell Navelsaker H:

Jølster kommune støttar Klima - og miljødepartementet(KLD) og Olje - og energidepartementet (OED) sitt forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova.

Røysting:

H sitt framlegg fall med 5 mot 20 røyster

UPU si tilråding vart vedteke med 20 mot 5 røyster

KST-099/17 Vedtak:

Jølster kommune sluttar seg til høyringssvara til Sunnfjord vassområdeutval og Nordfjord

vassområdeutval:

1. Lokalt engasjement, lokalpolitisk forankring og samordning av mål, tiltak og prioriteringar vert best sikra ved å behalde ordninga med vassregionutval og med fylkeskommunen som vassregionstyresmakt.
2. Vassområdeutvalet ønskjer å halde på noverande organisering med vassområdeutval og vassregionutval. Vassområdeutvala vart etablert ved politiske vedtak i kommunane i 2011-12. Drifta av vassområdeutvala er i dag finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. I tida etter etablering er det opparbeidd ei felles forståing av omgrep og krav etter vassforskrifta. Det er starta opp faglege samarbeidsgrupper og samarbeid mellom kommunane om gjennomføring av miljøovervaking. Desse samarbeida bør få meir tid til å oppnå resultat som stettar krava i vassforskrifta, som å opparbeide eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, gjennomføre tiltak og føreslå nye tiltak til neste planfase. Framdrift i dette arbeidet vert best sikra ved å oppretthalde prosjektleiarstillingane (vassområdekoordinatorar) i vassområda.
3. Det er vesentleg at vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova for å sikre at alle har ansvar for å bidra inn i planarbeidet. Det er og viktig at det er samsvar mellom kommunen sine planar og gjennomføring av tiltak og dermed at tiltak blir gjennomført. Kommunen bør og verne om vassførekomstane i sine planar som er forankra i Plan- og bygningslova.
4. Forslaget inneber at fylkeskommunen mistar si rolle som vassregionstyresmakt og at fleire oppgåver innanfor vassforvaltninga blir flytta frå regionalt nivå til statleg nivå. Dette strir mot føresetnadene som fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland sette for å vedta samanslåing, jamfør regionreforma, nemleg at oppgåver skal flyttast frå stat til den nye regionen.
5. Dei føreslåtte endringane med flytting av oppgåver frå regional til statleg nivå, bør vurderast opp mot konklusjonane frå ekspertutvalet, som regjeringa har sett ned til å vurdere fleire oppgåver til dei nye fylkeskommunane etter regionreforma, jamfør Prop 84 S (2016- 2017).
6. Ein viktig grunn til forslaga om endring av vassforskrifta er at ein ønskjer å forenkle prosessen. Ein legg då til grunn at arbeidet framover vil omfatte «berre mindre justeringar» av forvaltningsplan og tiltaksprogram. Denne føresetnaden meiner vi er feil. I Nordfjord vassområde er kunnskapsinnhenting einaste tiltak for ein svært stor del av vassførekomstane i risiko. Det er eit omfattande arbeid som står att med å utgreie avbøtande tiltak for å nå miljømåla.

Saksutgreiing:

Klima - og miljødepartementet(KLD) og Olje - og energidepartementet (OED) har sendt forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova ut på høyring med høyringsfrist 15. januar 2018. Ny vassforskrift vil etter planen tre i kraft frå 1. juli 2018 . Det er omfattande endringar på organisering som er føreslege, mellom anna:

- Vassforvaltningsplanen skal ikkje vedtakast om ein regional plan etter Plan- og bygningslova
- Naturmangfaldlova vil erstatte Plan- og bygningslova som ein av tre lovheimlar for vassforskrifta
- Fylkeskommunen vil ikkje lenger ha rolla som vassregionmyndigheit

- Utvalte fylkesmenn får ansvaret for å koordinere det førebuande regionale arbeidet i vassregionen, dei får status som Regional vasskoordinator
- Miljødirektoratet, i samråd med aktuelle direktorat, skal utarbeide og syte for høyring av oppdaterte vassforvaltningsplanar og sende over ei tilråding til Klima- og miljødepartementet.
- Om vassregionutval og vassområdeutval står det følgjande: Der det er hensiktsmessig kan regional vannkoordinator innanfor den enkelte vannregionen opprette et vannregionutvalg og dele hele eller deler av vannregionen inn i vannområder.

Jølster kommune er med i Sunnfjord vassområde og Nordfjord vassområde. Saka har vore drøfta på møte i Sunnfjord vassområdeutval 10.11.2017 og Nordfjord vassområdeutval 16.11.2017, der Jølster kommune var representert med administrativ og politisk representant. Høyringssvara og møtereferat er vedlagt saka.